

Forslag til opplegg for å konkretisere vedtaka i kommunestyra knytt til vedlegg til intensjonsavtalen.

Bakgrunn for notatet

Som kjent ligg det nokre utfordringar i vedtaka frå kommunestyra i dei fire kommunane i indre Sunnfjord knytt til intensjonsavtalen og det tilhøyrande vedlegget.

Ordlyden i punkt 4 er slik:

Forventningar til tenester og funksjonar i den nye kommunen som er relatert til den einskilde kommune er nemnde nedanfor. Fellesnemnda må gjere seg kjende med dei og skal så langt som råd ta omsyn til desse.

Særskilte utfordringar:

JØLSTER

Frå tilleggsdokumentet:

- Lage eit arbeidsdokument med føremål om å etablere eit eige nærings- og kulturfond for Jølster, med kapital frå etablerte kraftinntekter.

NAUSTDAL

Frå tilleggsdokumentet:

- Nærings og kultur fond, jmfr mineraluttak i Engebø vert tilgodesett «Gamle Naustdal kommune»

Naustdal kommunestyre K-16/024

Oppretting av fellesnemnd med mandat vert å kome attende til. Naustdal kommunestyre føreset at dei fire kommunane vert likt representert i nemnda. Vidare føreset Naustdal kommunestyre at friviljugprinsippet vert fylgd i det vidare arbeidet med kommunereforma.

GAULAR


Gaular kommunestyre – 032/16

Gaular kommune vil presisere at ein føresetnad for å seie ja til kommunesamanslåing er at kommunane går inn i ein ny, større kommune som likeverdige partar, med dei midlar som kvar einskild kommune rår over. Dersom det skal opprettast fond i den einskilde kommune, skal alle tidlegare kommunar handsamast likt.

Eigenkapital og gjeld i dei fire kommunane Fond

Pr 31.12.2015 er fordelinga av fond i dei ulike kommunane slik:

	Førde	Naustdal	Gaular	Jølster	Totalt
Bundne driftsfond	33 325 603	7 313 028	16 986 002	17 841 021	75 465 654
Bundne fond vatn	2 187 094	-163 140	212 800		2 236 754
Bundne fond avløp	38 373	1 322 376	-289 710		1 071 039
Bundne fond feiing	0	126 433	-730 229		-603 796
Bundne investeringsfond	34 150 559	3 119 190	1 502 186	1 748 082	40 520 017
Ubundne investeringsfond	61 709 947	445 704	780 943	-460 206	62 476 387
Disposisjonsfond	55 734 749	0	0	18 460 660	74 195 409
	187 146 325	12 163 591	18 461 991	37 589 557	255 361 464



Kommunane har til saman 255 mill kr i fond pr 31.12.2015. Førde kommunen disponerer 187 mill kr av desse.

Gaular og Naustdal har ikkje disposisjonsfond. Jølster har 18 mill kr og Førde 55,6 mill kr i disposisjonsfond.

Førde har også 62 mill kr i ubundne investeringsfond. Naustdal 446.000 kr, Gaular 781.000 kr og Jølster eit negativt fond på 460.000 kr.

«STADBUNDNE FOND»

Vi har leita fram fond i balansen der føremåla er knytt geografisk til bestemte område i den nye kommunen. Alle har bundne fond som sjølv sagt skal gå til dei føremåla dei er bestemt til, men det er nokre fond som er bundne, men der bakgrunnen for fonda og føremålet med dei er knytt til eit geografisk område :

FØRDE

25199700	Bundne driftsfond	7048	Erstatning Gaulavassdraget	-10 005 672
----------	-------------------	------	----------------------------	-------------

GAULAR

25199700	Bundne driftsfond	7019	Vassdragsfond grunnkapital	-11 680 416
25199700	Bundne driftsfond	7020	Vassdragsfond avkastning	-631 176

JØLSTER

25199700	Bundne driftsfond	7011	Fond, Kjøsnesfjorden, fiskeri	-328 248
25199700	Bundne driftsfond	7013	Fond, Kjøsnesfjorden, næring	-6 000 000
25199700	Bundne driftsfond	7000	Kraftfondet (Konsesjonsfondet) Fiske- og næringsfond Jølstra (nytt)	-560 736
		SUM		-29 206 247

NAUSTDAL

Naustdal kommune, Askvoll kommune, Sogn og Fjordane Fylkeskommune og Nordic Mining har inngått avtale om å fremje mineralutvikling i regionen og bidra med midlar til kultur, næring og samfunnsformål i Askvoll/Naustdal. Det skal etablerast mineral- og industriinkubator som del av avtalen. Nordic Mining/Nordic Rutile bidreg med 3 mill. kr til desse formåla. Den nye kommunen følgjer opp denne avtale.

GJELD

Gjelda i dei fire kommunane fordeler seg slik:

	Førde	Gaular	Naustdal	Jølster	Total
Langsiktig lånegjeld	1 376 149 125	210 067 385	287 056 172	303 350 251	2 176 622 933
Pensjonsgjeld	14 676 573	12 826 514	15 588 557	10 838 277	53 929 921
	1 390 825 698	222 893 899	302 644 729	314 188 528	2 230 552 854
Pr. innbyggjar	107 816	75 763	106 565	104 036	102 781

Gaular har vesentleg lågare gjeld enn dei andre kommunane.

FORSLAG

Utgangspunkt: Alt av verdiar og gjeld går inn i fellesskapen

1. Kultur- og næringsfond

Dei fire kommunane vil få 20 mill kr i reformstøtte i samband med kommunereforma. Desse midlane bør setjast av til kultur- og næringsfond. Målet med dette fondet bør vere å stimulere til stadutvikling i dei tre kommunane kring Førde og i grøndene. Fondet kan gje støtte til kultur- og næringsutvikling som det ordinære næringsfondet ikkje kan dekke.

Fondet skal forvaltast av SNU slik at ein kan sjå desse fonda opp mot det ordinære næringsfondet.

Summen blir delt med 5 mill kr til kvar av dei tidlegare kommunane. For Førde sin del skal midlane gå til utvikling av grøndene.

2. Påfyll til kultur- og næringsfondet

Fonda skal få påfyll gjennom årleg løyving frå midlar kommunen mottekk gjennom sal av konsesjonskraft. Løyvinga er avgrensa til 50% av konsesjonskraftinntektene (netto). Kommunestyret i den nye kommunen avgjer fordelinga av midlane som skal gå til påfyll av fonda.

I 2015 fekk kommunane slike konsesjonskraftinntekter:

Jølster: 3,1 mill kr

Førde: 0,7 mill kr

Naustdal:

Gaular: 1,0 mill kr (netto)

Påfyll til fondet må vegast opp mot trøngen for midlar i driftsbudsjetten. I dag går konsesjonskraftinntektene inn i drifta i kommunane. Til større del av konsesjonskraftinntektene ein brukar til påfyll av fonda, til mindre midlar er det til drift av dei kommunale tenestene.

3. Eksisterande fond

Følgjande fond skal så langt det er råd komme dei opprinnelige kommunane til gode i samsvar med føremålet for fonda:

Fond for tapt utbygging i Gaulavassdraget, Gaular

Fond for tapt utbygging i Gaulavassdraget, Førde

Fiske- og næringsfond i samband med utbygging av Kjøsnesfjorden, Jølster

Fiske- og næringsfond Jølstra (nytt)

«Mineralfond – Engebø», Naustdal kommune

Desse fonda skal også styrkast med konsesjonsavgiftene som har sitt opphav i dei opphavelege kommunane.

I 2015 fekk kommunane slike konsesjonsavgifter:

Jølster: 810.000 kr

Førde: 147.000 kr

Naustdal:

Gaular: 283.00 kr

4. Byregionprogrammet

For å følge opp den vedtekne intensjonsavtalen skal utvikling av dei tidlegare kommunesentra vere eitt av satsingsområda. Dette skal m.a. skje gjennom Byregionprogrammet «Sunnfjordbyen». Ved bruk av prosjektmidlar og dei nye nærings- og kulturfonda skal ein arbeide aktivt for å utvikle bustadbygging, næringsetablering og eit godt kulturtilbod.

SNU er prosjektansvarleg for «Byregionprogrammet».

5. Infrastrukturtilskot

Den nye kommunen har i 2016 fått 5 mill kr i tilskot til ulike infrastrukturtiltak og digitalisering. Tilskotet skal fordelast mellom kommunane i samsvar med søknad.

6. Regionsentertilskot

Regjering har gjort framlegg om at det for 2017 skal setjast av 100 mill kr i regionsentertilskot. For 2018 vil summen truleg vere større. For den nye kommunen i indre Sunnfjord vil summen i 2017 ligge mellom 2 og 4 mill kr avhengig av kor mange samanslåingar det totalt blir i Norge.

Fordeling av dette tilskotet vil ein komme tilbake til når ein veit nærmare om storleik og prinsipp for fordeling.

Fellesnemnda

Kommunestyret i Naustdal har gjort einsidig vedtak om at dei fire kommunane skal vere likt representert i fellesnemnda.

Inndelingslova seier dette om fellesnemnda:

§ 26. *Fellesnemnd*

Ved samanslåing av kommunar eller fylkeskommunar og ved deling som nemnt i § 3 andre ledd bokstav b skal det oppretta ei fellesnemnd til å samordne og ta seg av førebuinga av samanslåinga eller delinga. Nemnda bør spegle av innbyggjartalet i dei enkelte kommunane eller fylkeskommunane. Det skal likevel vere minimum tre medlemmer i nemnda frå kvar kommune eller fylkeskommune.

Fellesnemnda blir valt av og blant medlemmene i kommunestyret eller fylkestinget. Også medlemmer av kommunerådet eller fylkesrådet kan veljast. Nemnda vel sjølv leiar og nestleiar. Reglane i kommunelova om val og saksbehandling i folkevalde organ gjeld elles tilsvarende.

Førde kommune har større folketal enn dei tre andre kommunane til saman. Vårt forslag er at dei tre kommunane kring Førde har tre medlemmar kvar i fellesnemnda medan Førde har 6 medlemmar – til saman 15 medlemmar. Ordføraren i Førde bør vere leiar av fellesnemnda. Ankepunktet mot ei slik samansetjing er at fellesnemnda blir eit stort organ – 15 medlemmar, men dette kan avbøtast med at det kan skipast eit arbeidsutval for å ta seg av dei meir løpende oppgåvene.

24.10.2016

Ole John Østenstad, rådmann Førde kommune

Atle Fasteland, rådmann Gauldalen kommune

Børge Tvedt, rådmann Jølster kommune

Øyvind Bang-Olsen, rådmann Naustdal kommune